

Ronny Kaldestad
Grodalsåsen 11
5600 Norheimsund

Norheimsund 09.02.2014

Meland kommune
Tekniske tenester
Postboks 79
5906 Frekhaug

Søknad frå tiltakshavar Anja K Kaldestad og Ronny Kaldestad på gr.nr.45/112 om dispensasjon frå pkt.2 i føresegndene om «byggjeområder for naust» i KPA for Meland kommune.

Viser til godkjent rammeløyve «arkivsak nr. 2012001804» der det vert påpeika at taket på naustet ikkje er i samsvar med det kommuneplanen seier om at nausttak skal ha «saltak». Ber om at denne saka vert behandla administrativt slik det tidlegare har vore nevnt.

Grunnen til at me ynskjer å byggja naustet med same takkonstruksjon som hytta, er at både arkitekten og me meiner at den estetiske utsjånaden på heile prosjektet vil verta finare og at det frå sjøsida vil ta seg betre ut med ein heilskap på eigedomen.

Det må også nemnast at «loftet» ikkje er egna for innreiing og at dette skal benyttast til oppbevaring av hagemøbler og utstyr. Mønehøgda inne er 1.9m der ein person kan stå oppreist, og 0,5m der det er lavast. Når det gjeld glas, er dette for estetisk samanheng med hytta bak naustet. For å få inn hagemøblar og redskap til vinterlagring, er det teikna inn dobbel dør til loftet.

Det er i dag ingen heilskapleg gjennomført byggestil for naust i området, me meiner at dette naustet ikkje vil skapa nokon ny trend i området for bygging av naust med denne utsjånaden.

Når det gjeld varselet til naboar, var det heller ingen merknader.

Vi meiner at dispensasjonen må godkjennast ut frå følgjande argument:

- Eigedomen vil ta seg estetisk betre ut med ein heilskap der hytte og naust er i same stil.
- Naustet vil få ei vesentleg lavare mønehøgde .
- Tiltaket vil ikkje skapa nokon ny trend for naustbygging, alle vil sjå at dette er gjort for å skapa ein heilskap i eigedommen.
- Vi kan ikke sjå at tiltaket har nokon negative konsekvensar for omgivelsane.

3 Vedlegg: Situasjonskart, detaljtegn naust, biletet av omsøkt naust og hytte.

Vennleg helsing

Anja k Kaldestad og Ronny Kaldestad